

Rettleiar for turleiarar i Indre Sunnfjord turlag

Å vere turleiar i Indre Sunnfjord Turlag

Å vere turleiar er kjekt, sosialt og gir moglegheit til å vise fram og formidle den flotte naturen i har rundt oss. DNT har eit omfattande planverk rundt det å vere frivillig turleiar. Her har vi samla nokre sentrale punkt for deg som skal vere turleiar i Indre Sunnfjord Turlag. Kom gjerne med tilbakemeldingar til oss i styret om forbetringspunkt!

Som turleiar er du IST/DNT sin ambassadør. Den viktigste oppgåva er å bidra til å gi turdeltakarane trygge og gode naturopplevelsingar, og fremje eit inkluderande turmiljø. For utfyllande informasjon visar vi til DNT si handbok for turleiarar.

Planlegging/førebuing til tur

Du må kjenne til turen, og må om mogleg ha gått turen på førehand, ev ha med kjentperson. Turleiar har ansvar for ei å lage ei god turbeskriving.

Som turleiar må du forsikre deg om at opplysningane om turen som er lagt ut på IST si heimeside og på facebooksida, er rette. Be organisasjonsmedarbeider Hege Mundal; hege.mundal@dnt.no rette opp ev feil (eller gjer dette sjølv om du har tilgang). I dette ligg også avklaring om det skal vere påmelding, eller er det berre å møte opp?

Avklar kvar turdeltakarane skal møte opp (der turen startar, eller annan stad?), og kvar turleiar møter.

Avklar også om det skal vere samordna køyring med privatbil til turen, eller om det skal organiserast fellestransport. Turleiar tinger buss (drosje) viss det skal nyttast. Rekning for buss/drosje skal sendast til indresunnfjord@dnt.no. Turavgift betalast ved påmelding i aktivitetssystemet (ev kan deltakarane betale for turen til IST på Vipps nr 88239).

Ved privat køyring bør passasjerane betale til sjåfør. IST anbefalar følgjande prisar i samband med privat køyring: kr 50 for køyring inntil 40 km ein veg, og kr 75-100 ved lengre turar. Ved særleg lange turar bør prisen aukast. Turleiar kan foreslå sats.

Risikovurdering av turane skal vere gjort seinast dagen før turen startar. Turleiarar får tilsendt ei lenke til risikovurdering i DNT Trygg. (I ein overgangsfase kan ein også sende utfylt skjema til indresunnfjord@dnt.no).

Kva må/bør turleiar ha med av utstyr?

Ulike turar krev ulikt utstyr, men turleiar skal alltid ha med:

- Førstehjelpsutstyr. IST har anbefalt sikkerheit- og førstehjelpsutstyr til korte og lange turar tilgjengeleg på lageret.
- Mobiltelefon og ekstra lader

- Kart (både på telefon og fysisk) og kompass

Ved lengre turar skal anna sikkerhetsutstyr takast med etter behov, basert på risikovurdering:

- Walkie-talkie og topo-GPS
- Satellittelefon – om turen går utanom dekningsområde
- Ekstra mat, drikke og varme klede

Sjå elles gode pakkelister for ulike typar turar på dnt.no/pakkelister.

Gjennomføring av tur

IST legg vekt på å ha to turleiarar på kvar tur (gjerne fleire). Hovudansvarleg turleiar går (vanlegvis) først og medturleiar går sist. Turleiarane må ha moglegheit til å halde kontakt gjennom turen. Lagre nummeret til medturleiar og styreleiar på telefon. Turleiarane brukar DNT sine raude turleiarvestar.

Som turleiar ønskjer du alle velkomne med på tur, og informerer om turen, slik som lengde på turen, kor høgt skal vi, korleis er terrenget der vi skal gå, plan for stopp og pausar undervegs. Skal vi sjå/opp leve noko spesielt undervegs?

Minn om at alle går på eige ansvar. IST følgjer DNT sine generelle vilkår. Oppmod deltararane om å vise omsyn ved ev. uhell/ulykker, og at det ikkje vert delt bilete/videoar på SoMe. DNT vektlegg «sporlaus tur», og at alle tek med søppel heimatt.

Du må telje opp tal turdeltakarar og halde oversikt på at alle er med, ev gjere tydlege avtaler om nokon snur/gir seg undervegs (utveksl mobiltelefonnummer). Dersom nokon vel å avbryte turen undervegs, eller ikkje etterkjem turleiar sin informasjon, så ver tydeleg på at dette skjer på eige ansvar.

Sjekk utstyr og gjer vurderingar av om alle vil vere i stand til å gjennomføre turen. Ha ein plan for kva du gjer om nokon vil avslutte/bør oppmodast om å avslutte turen?

Å gå på fellestur kan vere utfordrande m.o.t. tempo, men som turleiar må du legge vekt på at gruppa går samla. Fellestur er sosialt, og vi skal oppleve naturen ilag. Ta ein kort pause etter 10-15 minutt og sjekk ut at tempo er ok, ev juster tempo.

Informer undervegs om kor langt de har gått/kor høgt de er komne.

Ta bilete frå turen, ev avtale med nokon av turdeltakarane at dei tek bilete som IST kan nytte til rapport/marknadsføring. Avklar med turdeltakarane at IST kan bruk bilete til heimeside og facebook, instagram.

Hald oversikt på at alle er komne fram til turmålet, og kjem seg trygt tilbake.

Etterarbeid etter tur

Turleiar skriv ein kort rapport om turen med ev tilbakemelding om erfaringar frå turen (førehandsomtale, vanskegrad, manglande merking, behov for stirydding, m.m.), og om det oppsto uføresette hendingar og korleis desse ev vart løyst. Legg avvik inn i DNT Trygg eller send dette til indresunnfjord@dnt.no

Turleiar skriv også ein kort tekst til heimeside/facebookside med biletet. Ev kan turleiar be nokon av turdeltakarane gjere dette (hugs å avklare med turdeltakarane at IST kan bruke biletet til heimeside, FB). Send tekst og biletet til indresunnfjord@dnt.no som publiserer.

Kva gjer eg om det skjer eit uhell?

Avklar så godt det let seg gjere om kva type uhell som har oppstått, og alvorsgrad. Sjekk om det er helsepersonell i turgruppa som kan hjelpe til.

Ring 113 ved behov for assistanse.

Informer styreleiar Ingebjørg Erikstad; tlf 415 30 941 ved alvorlege hendingar. Styreleiar vurderer situasjonen og varsler vidare i DNT-systemet om naudsynt. Turleiar viser media til styreleiar.

Ansvar:

IST skal gjennom turomtale gi turdeltakarane nok og relevant informasjon til at dei kan vurdere om dei er i stand til å gjennomføre turen, og informere om ev behov for spesielt utstyr.

IST har ansvar for å forsikre seg om at turleiarane har relevant erfaring og opplæring for å gjennomføre den aktuelle turen (lang erfaring som turgår, godt kjent i området turen går, gjennomført DNT sine turleiarkurs).

IST følgjer DNT sine generelle vilkår for turdeltakarar, og turleiarane må vere tydelege overfor turdeltakarane at dei går på eige ansvar.

Turleiar må gi informasjon ved turstart om turen, terrenget, forventa gåtid, m.m. Turleiar må også forsikre seg om at turdeltakarane har rett/naudsynt utstyr til å gjennomføre turen.

Turleiar er ansvarleg for å gjennomføre risikovurdering av turen seinast dagen før turen startar.

Turleiar har ansvar for å vurdere om deltakar(ar) skal oppmodast til å ikkje bli med på turen, avbryte turen, e.l.

Turleiar har også ansvar for å vurdere og ta stilling til om heile turen må utsetjast, avlysast, leggast om eller avbrytast (endra værtihøve, turdeltakarane sin situasjon, e.l.).

Viktige telefonnummer om det skjer uhell/ulukker:

Naudetatane 113

Styreleiar Ingebjørg Erikstad 415 30 941